

Dette brevet er sendt på vegne av DNT Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane.

## Testområde Stadt – Flytende vindturbiner

### Høringsinnspel frå FNF Sogn og Fjordane

FNF er eit samarbeidsforum beståande av natur- og friluftslivsorganisasjonar i gamle Sogn og Fjordane. Til saman representerer vi betydelege allmenne interesser innan naturvern, landskap og friluftsliv.

### Saka gjeld

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane (FNF, Org. nr. 912 265 722) viser til søknad frå Kvernevik Engineering AS som søker Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) om utsatt frist for ikraftsetjing av eit testanlegg for flytande havturbinar frå 31.12.2021 til 01.01.2024. Anlegget skal bestå av tre testturbinar på tre ulike lokasjonar i Kinn og Stad kommune. I tillegg søker dei påfølgjande utvida anleggskonsesjon frå 01.01.2025 til 01.01.2035 for same anlegg.

### Samandrag

#### Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane meiner at

- fordi vilkåret for konsesjonen til Kvernevik Engineering om å drifte test-vindturbinane, var at dei skulle vere i drift innan 01.01.2020, ikkje er oppnådd, så er det i dag ikkje nokon gyldig konsesjon å søke utsatt frist for. Det er også fleire vilkår som ikkje er oppfylt. Det er ikkje levert MTA- plan som er eit vilkår for byggestart og det finst inga detaljplasseringsplan for lokasjon og flytting av turbin ved Drage i sommarhalvåret, av omsyn til fiskeri og Selje kloster.

#### For øvrig meiner FNF at å sette ut testturbinar for havvind i dette området er konfliktfylt;

- Det er store interessekonfliktar i området; Det er ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til at vindturbinane er planlagt innafør eit området som er av så stor naturverdi at det no er tilrådd som marint verneområde av Statsforvaltaren i Vestland.
- Det manglar tilstrekkelege planar som «skal ta omsyn til berørte interessers bruk av området» for drift av eit slikt anlegg og føremålet med det.
- Å kalle dette for «offshore» vindturbinar kan vere misvisande. Det er kanskje offshore vindturbinar, men dei skal i denne samanhengen plasserast ekstremt nære land og bør konsekvensutgreiast deretter.
- Så lenge turbinane er karakterisert som test-turbinar finst det inga begrensingar for verken høgde eller breidde på turbinane som kan kome



Vi vil under argumentere meir i detalj for desse grunnane.

## Vilkår for konsesjon er ikkje nådd

Eit vilkår for konsesjon er at anlegget skal vere satt i drift innan 01.01.2020. Kvernevik Engeneering refererer i sin søknad til NVE til konsesjonen som «gjeldande fram til 1/1-25». Men utelet eit spesielt vilkår til konsesjonen frå dokumentet *Overført og gjeldande anleggskonsesjon* (2016)<sup>1</sup> frå NVE som seier at anlegget må ha verte satt i drift innan 01.01.2020»

Sitat: "Tillatelsen gjelder fra i dag og inntil 5 år fra det tidspunkt anlegget settes i drift, dog ikke utover 01.01.2025. Anlegget må være satt i drift innen 01.01.2020".

Forum for natur og friluftsliv meiner at sidan dette vilkåret for konsesjonen ikkje er oppnådd, så er ikkje konsesjonen gyldig – og stille spørsmål ved om det er riktig å sende søknad om utsatt frist for oppstart etter at konsesjonen for anlegget er gått ut, og om det er rett av NVE å sende denne på høyring?

## Store interessekonfliktar – marint verneområde/landskapsverdi

I september 2022 konkluderte Statsforvaltaren i Vestland at dei til tilsær verv av Stad som marint verneområdet<sup>2</sup>. I dokumentet der dei har samanstilt alle innkomne innspel då forslaget om Stadt marine verneområdet var på høyring skriv NVE<sup>3</sup>:

«Det stemmer at NVE ikke har mottatt MTA-plan (miljø,-transport og anleggsplan) **som er et vilkår for byggestart, og anlegget har ikke blitt satt i drift før fristen gikk ut for mer enn to år siden.** (...) Selv om fristen ikke er overholdt, gjelder konsesjonen fortsatt. Konsesjonæren kan søke om utsatt frist for idriftsettelse/ny konsesjon om de ønsker, men vi har ikke opplysninger som tilsier at det er aktivitet i dette prosjektet. Vi ber Statsforvalter å ta kontakt med tiltakshaver av prosjektet, Kvernevik Engineering AS. Kvernevik Engineering AS er inkludert i adresselisten, men vi kan ikke se at de har uttalt seg og ber de gjøre det.»

FNF er ueinig i at konsesjonen fortsatt er gjeldane, ettersom vilkåra for konsesjonen ikkje er oppnådd innan fristen, og at det i tillegg ikkje føreligg noko MTA-plan for byggestart etter at fristen for drift er gått ut. Vi undrer oss også over at ikkje Kvernevik Engeneering har kome med noko oppdatert informasjon eller innspel til høyringa av Stadt marine verneområdet om testanlegget Stad framleis er på planen.

I tillegg til at vindturbinane er planlagt i eit foreslått og tilrådd marint verneområde, er området Stad/Sildagapet, der testlokasjonen Fure/Drage er planlagt, er i Kommunedelplanen for sjøareal for Stad kommune gitt **landskapsverdi A** – og har stor regional og nasjonal betydning<sup>4</sup>.

«Grunngjevinga er slik: Består av ei samansetning av nasjonalt sjeldne landskapstypar og særleg eksponerte og veldefinerte landformasjonar. Inneheld fleire velhaldne tradisjonsbundne og stadtilknytte kulturmiljø. Ein svært god samanheng og heilskap mellom natu og kulturmiljø. Sentral og overordna overgangssone mot nordvestlandet. Stor inntrykksstyrke og utsegnskraft. Fleire nasjonalt kjende landmerke med Stadlandet, Sildagapet og Stadhavet.»

## Store interessekonflikter – Fiskeri

Fordi Lokasjonen utforbi Drage kjem i konflikt med linefiske og rød sone for Selje kloster i sommarhalvåret, er **eit vilkåra for kosesjon frå 2016 at testposisjon Drage skal ha tidsavgrensing<sup>1</sup>**, og at det skal føreligge ein Detaljplassering av anlegga i sjø, som skal avklarast i samråd med Kystverket Vest, Fiskeridirektoratet region sør og Sogn og Fjordane Fiskarlag.

Turbinane vil vere flytande, og då også flyttbare, men det føreligg endå ingen plan for kvar desse turbinane skal flyttast i dette tidsrommet det føregår linefiske i området, altså frå 1. april til 1. oktober.

I brevet Bakgrunn for vedtak for konsesjon frå 2009<sup>5</sup>, (s.4) endrar dei testområde-lokasjon Fure 4,2 km austover til Drage. Her skriv dei:

*«Testposisjon Drage er lokalisert slik at posisjonen unngår stor bølgehøyde og sterke vinder. Posisjonen vil bli benyttet til utsetting og grunnleggende testing. Posisjonen er omfattet av kystsoneplanen i Selje kommune og er avsatt til fiskeri.»*

Denne testposisjonen ligg rett utanfor Dragevika, ca. 2,3 km frå land og i rød sektor for Selje fyr. Kvernevik Engeneering, då Vestavind Kraft AS, søkte dispensasjon frå kystsoneplanen hjå Selje kommune, men fekk avslag. Dette fordi det var konflikt med fiskeri- og kulturminneinteresser.

Først etter dialog med fiskarnæringa og krav om at dette testområdet utanfor Dragevika kun vil bli benytta i tidsrommet 15. oktober til 1. april, fekk dei dispensasjon frå kystsoneplanen. Det er også stilt krav til tidsavgrensing ved testposisjonen Kvalheimsvika frå 1.oktober til 1.april.

## Store interessekonflikter – kulturminne- og naturverdiar

Selja kloster, eit viktig kulturminne, som er to av 21 områder i tidlegare Sogn og Fjordane som Vestland Fylkeskommune føreslår å få status som kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)<sup>6</sup>.

Ein anna lokasjon er plassert i åsyn frå Kannesteinen, ein populær turistattraksjon som er registrert som freda område etter norsk lov<sup>7</sup>.

Tredje lokasjon er plassert rett utforbi den populære Ervikstranda.

## Begrepsavklaring

FNF meiner testturbinane bør betegnes som eit kysthavvind turbinar på grunn av nærheita til land. I konsesjonsdokumentet blir det sagt at testanlegget består av «offshore» vindturbiner. Men med berre 2,3 km avstand frå land vil dette testanlegget ha negative innverknningar på dyreliv, fiskeri og friluftslivet på Stadtlandet.

Spesielt fordi det i tillegg ikkje har noko begrensingar i forhold til høgd og breidde, fordi det er kategorisert som eit testanlegg og ikkje eit anlegg for produksjon.

## Konklusjon

Forum for natur og friluftsliv vil fraråde å sette opp store testturbiner så nære land langs det unike kystlandskapet vi har her i gamle Sogn og Fjordane. Det er for store konflikter med folk som brukar naturen, fiskeri, båttaktivitet, friluftsliv, verneområde for natur og kulturhistoriske verdier. Og vi ynskjer at ein klargjer kva reglar som skal gjelde når vilkår for konsesjonar ikkje er nådd og når ein konsesjon faktisk går ut etter frist. Det er ikkje eit godt system dersom ein konsesjon kan forlengast og utvidast ved berre å sende ein enkel søknad fleire år etter at det skulle ha vore drift.

Energiforsyningen kan ikkje gå på akkord med viktige friluftsliv- og naturverdier – då intakt natur gir oss grunnlaget for det vi lever av.

Forum for natur og friluftsliv vil gjennta vårt innspel om havvind til Vestland fylkeskommune sin «plan for fornybar energi» sjølv om havvind ikkje var ein del av denne planen;

Vestland har mykje kompetanse knytta til produksjon av moduler og installasjon av havvind, **men vi har ikkje egnede areal innafor verkeområdet til plan- og bygningsloven (dvs. inntil en nautisk mil utenfor kystens grunnlinje) – dette på grunn av omfattande konflikter knytta til gyteområde, fiskeri, sjøfugl og fugletrekk, reiseliv og skipsfart.** Sogn og Fjordane fylkeskommune gikk for øvrig mot etablering av vindkraft på Frøyagrunnene og Olderveggen ved Bremanger da disse arealene ble utredet av NVE i 2012.

Venleg helsing

**Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane**

*Ket Fossen*

---

Ket Fossen  
Koordinator  
FNF Sogn og Fjordane

1 - <https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/200806732/1758221>

2- <https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/vi-tilrar-vern-av-stad-som-marint-verneomrade/>

3 - [https://www.statsforvalteren.no/contentassets/3d2c7e6ffc114a2f838c1c3e13dfee20/innkomne-innspel\\_stad-kandidatomrade-for-marint-vern\\_vedlegg-tilrading.pdf](https://www.statsforvalteren.no/contentassets/3d2c7e6ffc114a2f838c1c3e13dfee20/innkomne-innspel_stad-kandidatomrade-for-marint-vern_vedlegg-tilrading.pdf)

4 - <https://webhotel3.gisline.no/GisLinePlanarkiv/4649/2019100/Dokumenter/Planomtale%20-%20Kommunedelplan%20for%20sjøareal.pdf>

5 - <https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/200806732/256827>

6 - <https://www.vestlandfylke.no/nyheitsarkiv/2020/kartlegg-kulturhistoriske-landskap-av-nasjonal-interesse/>

7 - <https://leksikon.fylkesarkivet.no/article/2cfa4561-3312-4b24-930e-6ee0f3340121/>